



Slik får ein sjå Elin i kokeboka

**Det er superkokk Eivind Hellstrøms ide og den skal gjennomførast før jul: Hjemmekokklauget der uskedelingen Elin Enes er med som ein av 6, skal gje ut ei kokebok på 200 sider.**

**Den skal enkelt heite Hjemmekokklaugets første kokebok og er det første konkrete prosjekt laugets står bak. Denne helga vert Elin fotografert inne og ute i heimemiljøet sitt av han som skal ta alle bileta - Arve Serigstad frå Stavanger. Han er også ein av dei 6 men eigentleg grafisk formgjevar med fleire kokebøker bak seg. Det er byrået Anti som styrar prosjektet.**



[Arve Serigstad tek alle bileta i boka](#)

Medlemmene får kvar 30 sider til disposisjon og som naturleg er får boka eit sterkt profesjonelt preg. Til dømes vil ei veke gå med på Fornebu i Oslo der alle matrettane vert laga og fotografert i eit innleigd studio.

Hellstrøm sjølv skal skrive innleiinga i boka.

Serigstad reiser no rundt til dei 5 kollegene for å skildra dei fotografisk i heimemiljøet og Elin er den andre på lista. Då uskedalen.no var innom i føremiddag vart ho fotografert mellom raude og fristande eple i hagen. Seinare i dag inngår ein visitt i Baroniet i arbeidsplanen.

Då lauget vart komponert av Hellstrøm tok han omsyn til ein viss rollefordeling og Elin var bakaren i teamet, Serigstad vart ikkje tildelt nokon konkret rolle, men spelar altså på fleire strengar..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen